

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
052/2014	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2014
033/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	18.09.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	14/1071	14/8205

### Ålmennsoge for Radøy kommune

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gjev ikkje ut ålmennsoge og avsluttar bygdebokprosjektet etter fem bind med gards- og ættesoge.

Kommunen er positiv til å stilla allereie innsamla materiale til disposisjon dersom andre ynskjer å gje ut ei ålmennsoge for kommunen.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Gards- og ættesoga «*Radøy gjennom tidene*» vert i løpet av året slutført, og er då gjeve ut i fem bind. Bind 1 til 5 inneheld ei skildring av alle gardar og familiar på Radøy fram til kring år 2000. I kulturplan for Radøy 2011-2020 står det at det skal gjevast ut ei ålmennsoge for Radøy i 2015. Med dette meiner ein eitt eller fleire bind som tar føre seg den historiske utviklinga til det som i dag er Radøy kommune som heilskap.

##### Vurdering

Medan ei gards- og ættesoge presenterer gardar og folka på kva gard, vil ei ålmennsoge gje ei samla historisk, framstilling av det som i dag er Radøy kommune. Ei ålmennsoge vil vera bygd opp tematisk og kronologisk, og vil også ta føre seg tema som ikkje er omhandla i gards- og ættesoga. Medan gards- og ættesoga i all hovudsak omhandlar den perioden me har skriftlege kjelder (frå 1300-talet og framover), kan ei ålmennsoge også omhandla tida før dette. Ei ålmennsoge vil på denne måten komplettera verket Radøy gjennom tidene.

I kulturplan for Radøy kommune 2011-2020 står det at kommunen skal gje ut ei ålmennsoge i 2015. Eit slikt verk er også etterspurt blant radværingar, og det er ikkje tvil om at ei ålmennsoge vil vera av interesse for barnehagar og, kanskje særleg, skular til bruk i lokalhistoriske prosjekt og undervisninga elles.

Det finst allereie ein del lokalhistoriske verk om Radøy, eller der Radøy er ein del av området. Dei mest omfattande verka er «*Strilesoga*» som handlar om heile Nord- og Midhordland, og «*Vestlandets historie*» som handlar om heile Vestlandet. Då området dei dekkjer er så stort, kan ikkje desse bøkene brukast på same måte som ei ålmennsoge berre for kommunen. Me har også fleire

lokalhistoriske verk som handlar om Radøy som t.d. «*Strilesoga*» av Torolf Solheim, «*Strileliv*» av Olav Marås (red.), «*Helsearbeid i skiftande tider*», «*Krigsår på Radøy 1940-1945*», kyrkjesogene m.fl. Desse er geografisk og tematisk avgrensa og vil såleis ikkje kunna erstatta, berre utfylla, ei ålmennsoge. I haust er det planlagt å gje ut ei jubileumsbok om Radøy kommune som dekkjer dei siste 50 åra.

### Kostnad

Ei ålmennsoge for ein kommune på Radøy sin storleik kan fylla fleire bind. Til dømes har Austrheim kommune har gjeve ut eitt bind ålmennsoge for kommunen med 533 sider, og denne omfattar berre perioden 1800-2000. Fjell kommune skal gje ut tre bind, kvar av dei på kring 500 sider, der første bindet er ein natur- og kulturhistorie fram til år 1700, og dei to siste binda dekkjer perioden etter dette.

Det er vanleg å rekna tre årsverk per bind på 400-600 sider. Det er sjølvagt mogleg å bruka mindre tid, men då må forfattaren for det meste basera seg på trykte bøker, hovudoppgåver og anna lett tilgjengeleg materiale, og mindre på primærkjeldene i arkiva. For Radøy sin del er det i samband med gards- og ættesoga allereie gjort ein god del arkivarbeid som ein kan byggja vidare på i ei ålmennsoge. Dette kan vera med å forsvara at ein set av noko kortare tid per bind.

Skal ein kunna dekkja heile perioden attende til folk først busette seg i Radøy kommune og fram til i dag bør ein etter rådmannen si vurdering skriva minst to bind, eller helst tre. Alternativt kan ein velja å gje ut eitt bind for dei siste hundreåra. Rådmannen har i kalkulen av kostnader nedanfor likevel tatt utgangspunkt i at det skal gjevast ut eitt bind på 500-600 sider, med eit oppdrag på 1500. Det er stipulert at dette arbeidet vil ta om lag 2,5 år.

	<b>Stipulert beløp</b>
Forfattarhonorar	1.375.000
Sosiale utgifter	650000
Trykking og setting eitt bind ca. 1500 eksemplar	200.000 (230.000 for 2000 eksemplar)
Scanning og retusjering av bilete	30.000
Lager og distribusjon 10 år	40.000 (ca. 55.000 for 2000 eksemplar)
<b>Totalt</b>	<b>2.295.000</b>

Radøy kommune har tatt utgiftene til dei fem første bida i «Radøy gjennom tidene» på investeringsbudsjettet. Kommunen har tidlegare fått merknadar på at dette ikkje er i tråd med god rekneskapsskikk.

### Inntekter

Dei andre bøkene har ein utsalspris på 500 kroner, og det er naturleg at ei ålmennsoge på same storleik får same utsalspris. Dersom bøkene vert selde gjennom bokhandlarar, tar dei vanlegvis 40 % i kommisjon. Ei bok sold gjennom bokhandlarar genererer såleis ei inntekt på berre 300 kroner. Sel me bøkene sjølve, har me ei inntekt på 500 kroner pr bok. Radøy kommune har tidlegare vald å senda bøkene ut gratis for å kunna konkurrera med bokhandlane sine nettbutikkar. Må me senda bøkene går det kring 100 kroner i porto.

Sel me alle bøkene sjølve frå kultur- og sørivistorget gjev dette ei inntekt på maks 750.000 kroner. Ei inntekt på kring 550.000-600.000 etter at alle bøkene er sold, er meir sannsynleg. Det er då tatt utgangspunkt i sal både frå kultur- og sørivistorget og bokhandlarar, samt at ein del bøker vert gjeve

bort.

### **Konklusjon**

Rådmannen meiner at ei ålmennsoge vil komplettera verket Radøy gjennom tidene. Det er heller ikkje tvil om at ei slik ålmennsoge vil auka interessa for og kunnskapen om Radøy si historie. Bøkene vil også kunna brukast i undervisning i skular og opplæring i barnehagane.

Med ein trond kommuneøkonomi og investeringar i kø på alle område, kan ikkje rådmannen sjå at det er rom for at Radøy kommune kan ta kostnaden med fleire bind i «Radøy gjennom tidene».

Dersom andre ynskjer å gje ut ei ålmennsoge, bør kommunen leggja til rette ved å gje tilgang til allereie innsamla materiale, inkludert bilete.

### **Formannskapet i Radøy - 052/2014**

#### **FS - handsaming:**

Det femte og siste bindet i gards- og ættesoga for Radøy kjem ut hausten 2014. Rådmannen viste til at det i kommunen sin kulturplan er lagt opp til at det skal lagast ei allmensoge for Radøy i 2015.

Rådmannen ser verdien i ei allmennsoge, men utfrå den økonomiske situasjonen ser han ikkje at den kan lagast no.

Ordførar Jon Askeland gav full støtte til rådmannen, men kom med framlegg til mindre endring i ordlyden:

"Radøy kommune er positiv til at det vert utarbeidd ei allmennsoge for kommunen. På grunn av særstegn i økonomi og utsiktene til andre store oppgåver innan kultur- og kulturminneområdet, ser ikke kommunen seg i stand til å gje ut ålmennsoge og avsluttar bygdebokprosjektet etter fem bind med gards- og ættesoge. Kommunen er positiv til å stilla allereie innsamla materiale til disposisjon dersom andre ynskjer å gje ut ei allmennsoge for kommunen."

Silje Namtvedt (Sp) og Ann Christin Hoen (Ap) ville ha med ei opning for å ta opp att arbeidet med å gje ut ei allmensoge på eit seinare tidspunkt. Dei kom med framlegg om at kommunen "førebels ikke ser seg i stand til å gje ut ei allmennsoge".

Formannskapet vedtok samråystes ordføraren sitt framlegg, med tilleggsframlegg i møtet.

#### **FS - vedtak:**

Radøy kommune er positiv til at det vert utarbeidd ei almennsoge for kommunen. På grunn av særstegn i økonomi og utsiktene til andre store oppgåver innan kultur- og kulturminneområdet, ser ikke kommunen seg førebels i stand til å gje ut ålmennsoge og avsluttar bygdebokprosjektet etter fem bind med gards- og ættesoge. Kommunen er positiv til å stilla allereie innsamla materiale til disposisjon dersom andre ynskjer å gje ut ei ålmennsoge for kommunen.

### **Kommunestyret i Radøy - 033/2014**

#### **KS - handsaming:**

Kommunestyret vedtok samråystes formannskapstilrådinga.

#### **KS - vedtak:**

Radøy kommune er positiv til at det vert utarbeidd ei allmennsoge for kommunen. På grunn av særslig økonomi og utsiktene til andre store oppgåver innan kultur- og kulturminneområdet, ser ikkje kommunen seg førebels i stand til å gje ut allmennsoge og avslutta bygdebokprosjektet etter fem bind med gards- og ættesoge.

Kommunen er positiv til å stilla allereie innsamla materiale tildisposisjon dersom andre ynskjer å gje ut ei allmennsoge for kommunen.